

Dato: 16. september 2021

## Fagskolen Innlandet først i landet med fire fagområdeakkrediteringar

**Fagskolen Innlandet kan nå sjølv opprette nye utdanningar innan helsefag- og landbruksfag. Frå før har fagskolen akkreditering for fagområda bygg- og anleggsteknikk og teknologifag.**

Som første fagskule i landet kan Fagskolen Innlandet nå opprette og gjere vesentlege endringar i utdanningstilbodet sitt innan fire forskjellige fagområde.

– Det er berre å gratulera Fagskolen Innlandet som Noregs første fagskule med fire fagområdeakkrediteringar. Dei er no godt rusta til sjølv å kunne opprette og tilby relevante utdanningar for arbeidsmarknaden, seier NOKUT-direktør Kristin Vinje.

### Kjærkomne tiltak for landbruksnæringa

Fagskolen Innlandet er den første fagskolen som får akkreditering for fagområdet landbruk. Den sakkunnige komiteen som har vurdert søknaden for landbruksfag, trekkjer fram at fagområdeakkreditering innanfor landbruk er eit kjærkome tiltak for heile næringa og for utdanningssektoren. Dei sakkunnige har intervjuja fleire aktørar i landbruksnæringa som bekrefta at Fagskolen Innlandet er god til å ta tak i behova som finst i landbruket. Studentane framhevar den praksisnære tilknytninga og erfaringa dei får gjennom utdanningane på Fagskolen Innlandet, opp mot den teoretiske utdanninga som vert tilbode innan landbruk i universitets- og høgskulesektoren.

Fagskolen har alt akkreditering for seks utdanningar innan fagområdet helse, og den sakkunnige komiteen vurderer at fagområdet er tilstrekkeleg breitt til å inkludere fleire utdanningar. Helseteknologi er eit viktig satsingsområde og eit framtidsretta arbeid som blir framheva i søknaden og gjennom intervju med fleire aktørar. Helsefag og teknologifag er to fagområde som drar veksle på kvarandre og saman kan bidra til å utvikle gode og relevante utdanningar. Dei sakkunnige vil trekkje fram at fagskolen har eit utstrekt og kontinuerleg samarbeid med yrkesfeltet gjennom praksisplassar for studentane. Samstundes har fagskolen eit tett samarbeid med relevante aktørar i primær- og spesialisthelsetenesta, med hensikt å vidareutvikle helsefaget og eigne utdanningar.

- [Les tilsynsrapport med vedtak – helsefag \(pdf\)](#)
- [Les tilsynsrapport med vedtak – landbruksfag \(pdf\)](#)

---

|   |  |  |   |
|---|--|--|---|
| <b>Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga</b><br>Telefon: (+47) 21 02 18 00<br>Heimeside: <a href="http://www.nokut.no">www.nokut.no</a> | <b>Postadresse</b><br>Postboks 578<br>1327 Lysaker | <b>Besøksadresse</b><br>Drammensveien<br>288 | <b>Kommunikasjonsdirektør</b><br>Gard Sandaker-Nielsen<br><a href="mailto:gsn@nokut.no">gsn@nokut.no</a><br>Tlf: (+47) 951 57 471 |
|---|--|--|---|

**Om Fagskolen Innlandet**

Fagskolen Innlandet er ein fylkeskommunal fagskule som har eksistert sidan opprettinga av Gjøvik tekniske fagskole i 1968. På søknadstidspunktet hadde fagskolen 90 fast tilsette og om lag 1 400 studentar. Fagskolen ligg på Kallerud utanfor Gjøvik sentrum og er eigd av Innlandet fylkeskommune. Fagskolen Innlandet har om lag 40 akkrediterte fagskoleutdanningar innan fagfelte bygg og anlegg, elektro, logistikk, teknikk og industriell produksjon (TIP), datateknikk, helse, landbruk og administrasjon.

Fagskolen fekk akkreditering for fagområdet bygg- og anleggsteknikk 25. oktober 2018 og for teknologifag 27. oktober 2020.

---

**Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga**

Telefon: (+47) 21 02 18 00  
Heimeside: [www.nokut.no](http://www.nokut.no)

**Postadresse**

Postboks 578  
1327 Lysaker

**Besøksadresse**

Drammensveien  
288

**Kommunikasjonsdirektør**

Gard Sandaker-Nielsen  
[gsn@nokut.no](mailto:gsn@nokut.no)  
Tlf: (+47) 951 57 471